

Kanonkamp av G14, og G16 forsette sigersdansen.

01.08.2018



Uskedalspelarar saman med nokre av spelarane på motstandarlaget. Saman laga dei ein kjempekamp.

Uskedalen.no hadde to Oslo-busette observatørar på Ekebergsletta tirsdag då innleiingsspelet i Norway Cup vart avslutta. Dei overvar to kampar der uskedelingar var på eine banehalvdelen, og tilbakemeldingane frå dei fortel at dei var svært imponert over både G14 og G16 gutane sine prestasjonar. I dag er sluttspillet i gang.



G14 laget var i toppform tirsdag kveld.

Våre observatører fekk sjå G14 laget til UIL i deira klart beste kamp under Oslo-opphaldet. Dei møtte Magnet Youth Sports Org frå Tanzania. Dette laget har vore heilt suverene i dei tre føregåande kampene i turneringa med solide singlar. Utgangspunktet før kampen var ulikt for dei to laga. Mandag fekk nemleg botnlaget Bokn sin einaste siger i ein jamn kamp mot UIL, men tirsdag viste laget seg frå ei heilt anna side. Trener Tommy Eidsvik har tidlegare uttalt at laget har eit svært godt toppnivå, men at prestasjonane frå kamp til kamp er for ujamne. At det stemmer viser vel kampene mandag og tirsdag.

Rapportane frå våre observatører fortel om imponerende pasningsspel der kombinasjonane sat godt og der spelarane sleppte ballen i rette øyeblikk. Det var imponerende arbeidsinnsats. Laget hadde mange gode einskildspelarar, men dei ville ikkje trekkja fram einskildspelarar då dei meinte det først og fremst var eit velsmurt lagmaskineri som førte fram til den imponerende lagsigeren.

Laget frå Afrika tok oppskriftsmessig leiinga 1-0, men uskedalsgutane ville det annleis og frå dei utlikna til 1-1 styrte dei kampen. Dei nøytraliserte den store stjerna på motstandarlaget som hadde vore så god i tidlegare kampar, og ved å spela god og underhaldande fotball vart dei dei første som vann over Magnet Youth Sports Org. Sluttresultatet vart 6-3. Mathias Børve(3), Olve Simonnes Tveit, Kristian Øvstebø og Mads Eidsvik scora måla. Laget vart dermed nr.3 av dei 5 laga i pulja og dei går vidare til B-sluttspel sjølv om A-sluttspel var så nær, så nær!! Tidlegare tirsdag vart det nemleg 0-3 tap for Nanset.

G16 laget til Rosendal/Uskedal kunne sjå tilbake på to singlar då dei møtte Langhus IL i siste innleiingskampen. Rapportane fortel om at dei spela svært godt. Langhus gjekk riktignok opp til 1-0, men etter at R/U hadde utlikna var dei ingen tvil om kor sigeren ville hamna. R/U var det klart beste laget og hadde full kontroll og spela god fotball. Utlíkninga til R/U var litt spesiell. Laget sette ballen i mål, men dommarens ble likevel for straffe. I uroa rundt dette heldt imidlertid Martin H. Arnesen hovudet iskaldt og scora sikkert på straffen. Dei to siste måla vart sett inn av Jeppe Solheim Søllesvik og Kristian Klette Hansen. Dermed var sigersrekkeja i innleiingsspelet komplett, og no vert det fullt kjørt med A-sluttspel. Motstandarlaget Langhus IL kunne også jubla etter kampen. Dei vart nemleg nr.2 i pulja og kom såleis også til A-sluttspelet.



To av målscorarane i den gode kampen. Mathias Børve og Olve S. Tveit.

Jentelaget til UIL gjorde ein ny god kamp. Dessverre enda det med 2-4 tap for Vannylven FK. Dermed vart det 3.plass i pulja etter tre jamne kampar som gav 1 siger og 2 tap etter flott innsats. Dermed vert det B-sluttspel for jentene.

For dei andre laga enda det slik:

- G13: Rosendal - Vålerenga Fotball Bohemene 1965 2-0. Dermed vart det A-sluttspel med eit plussmåls margin etter 1 siger, 1 uavgjort og 1 tap, 4 poeng og 2.plass.
- G14: Rosendal - Syril 2-5. Dermed vart det B-sluttspel etter 1 siger, 2 tap og 3 poeng.
- G15: Snarøya - Rosendal 1-2. Dermed vart det 2 tap, 1 uavgjort og 1 poeng. Det gav 4.plass i pulja og B-sluttspel.
- J13: UII/Kisa - Rosendal 0-1. Det gav 1 siger, 2 tap og 3 poeng. Dermed vart det 3.plass i pulja og B-sluttspel.
- J14: Rosendal - Skarphedin 0-1. Det gav 1 siger, 1 uavgjort, 1 tap og 4 poeng. Det gav 2.plass i pulja og A-sluttspel med eitt plussmåls margin.
- J 15/16: Holum - Rosendal 0-4. Det resulterte i 3 tap, 4.plass i pulja og B-sluttspel.

I dag startar altså sluttspelkampane. Då er det cup slik at det er vinn eller forsvinn. Vi håpar på mange spennande kampar med gode prestasjonar og mykje kjekt. Elles fortel rapportane frå Oslo om mykje god stemning, mykje kjekt og viktigast av alt eksemplarisk oppførsel.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Jan Øvstebø og Vegard Døssland.